



Det har vore rekordbesøk på Systrene Nilsen i kveld

**Systrene Nilsen kan notere seg ein solid suksess med sin skalldyraften i kveld. Alle 126 plasser vart bortbestilt på førehand og så mange har ikkje vore gjester der på ein gong sidan systrene tok over sist vinter. Det kom folk frå mange kantar i Kvinnherad for å få ein fest i den fine sommarkvelden.**

Systrene sjølve var med og jobba i ein stab på 9 som måtte til for å yta god service med mat og drikke.

Ein som også bidrog til ein vellukka kveld var trubaduren Charles Braekespeare, som gjekk som ein syngande propell både inne og ute.

Han kjem til å ause av sitt rikhaldige repertoar også imorgon kveld og laurdag på Systrene Nilsen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Trubbadur i aksjon på Systrene Nilsen i kveld